

## Årsmøte i Nordfjord Golfklubb 2022

Årsmøtet vart halde på Nordfjord Hotell, torsdag 17.02.2022, frå klokka 18.00 til 18.30.

Det var totalt 11 fram møtte, inklusive styremedlemmar. Årsmøtedeltakarane vart ynskete velkommen av styreleiar Kent Tryggestad

### Sakliste:

1. Godkjenning av innkalling og dagsorden
2. Val av møteleiar, referent og to medlemmar til å skrive under protokollen.
3. Styrets årsmelding 2021
4. Rekneskap 2021 og budsjett 2022
5. Organisasjonsendring
6. Regulering av kontingent, greenfee, årskort
7. Val av leiar
8. Val av styremedlemmar, varamedlemmar og komitémedlemmar
9. Eventuelt.

## Protokoll for Nordfjord Golfklubb

### 1. Godkjenning av innkalling og dagsorden.

Innkalling til årsmøte og sakliste var lagt ut på Nordfjord GK sin portal.

*Vedtak: Innkalling og dagsorden vart samrøystes godkjend.*

### 2. Val av møteleiar, referent og to medlemmar til å skrive under protokollen.

Møteleiar:	Kent Tryggestad
Referent:	Jan Skogstad
Protokollunderskriving:	Arild Hjelmeland og Finn Haugland

*Vedtak: Val av møteleiar, referent og to til å skrive under protokollen vart samrøystes vedteke*

### 3. Styret si årsmelding.

Styret si årsmelding vart lest av Styreleiar.

*Vedtak: Årsmeldinga vart samrøystes vedteken*

### 4. Rekneskap og budsjett.

Kasserar, Helge Haugland, presenterte rekneskapen for sesongen 2021 og budsjett for sesongen 2022.

*Vedtak: Rekneskapen for 2021 og budsjettet for 2022 vart samrøystes vedteke.*

### 5. Regulering av: kontingent, greenfee, årskort og baneandelar.

Styre har vore samde om at kontigentane skal haldast på eit lavt nivå, og har følgande framlegg: Kontigentane blir som i 2021:

- Medlemsskap senior – kr. 1.200,-
- Medlemsskap junior – kr. 600,-
- Medlem under 12 år – kr. 0,-
- Årsgreenfee senior – kr. 2.000,-
- Årsgreenfee junior – kr. 1.000,-
- Dagsgreenfee senior – kr. 250,-
- Dagsgreenfee junior – kr. 100,-

*Vedtak: Kontigentar for 2022 blir uendra.*

## 6. Val av leiar.

Valnemnda ved leiar Jens Christian Botn la fram forslag på leiar, Kent Tryggestad

*Vedtak: Kent Tryggestad vert leiar for NGK for 2022, samrøystes vedtak.*

## 7. Val av styremedlemar, vara medlemar og komitémedlemar.

Valnemnda ved leiar Jens Christian Botn la fram forslag på styremedlemmar og komitémedlemmar:

*Vedtak: Følgjande valprotokoll vart samrøystes godkjend av årsmøtet:*

### Valprotokoll for sesongen 2022

Gruppe	Verv	2021	På val
Styre	Leiar	Kent Tryggestad	2023
	Nestleiar	Jan Skogstad	2023
	Sekretær	Joar Sæten	2023
	Kasserar	Helge Haugland	2024
	Styremedlem	Tore H. Naustdal	2024
	Styremedlem	Oddbjørn Melheim	2023
	Vara	Agnar Kvalsund	2023
	Grunneigar	Svein Fjørtoft	-
	Grunneigar	Stephan Ter Stege	-
HCP- kontaktperson		Jan Skogstad	2024
Banemester		Tore Naustdal	2024
Drift- og vedlikehaldskomité	Leiar	Kurt Hammerø	2024
		Per Bøen	2023
		Finn Haugland	2024
Sportskomité/ Markedsgruppe	Leiar	Oddbjørn Melheim	2023
		Agnar Kvalsund	2024
		Mats Andersson	2023
		Ole K. Hanebrekke	2023
Skulekomité	Leiar	Thomas Storøy	2023
Valnemnd	Leiar	Jens Christian Botn	2024
		Markus Hjelmeland	2024

## 8. Eventuelt

- Styreleiar orienterte om situasjonen som har pågått med naboar i byggefeltet mot hol 1. Her har ting roa seg, advokat Erik Hauge har hjelpt oss med saka. Vil gå inn som sponsor. Sølvberg skal sette opp 4 boligar mot fairway på hol 1. Utbyggjar set opp 5 meter høgt nett mot golfbana. Boligsameiget har ansvar for vedlikehold av nettet. Vi håper at utbyggjar for feltet lenger nord tar same ansvar, og at det blir sett opp nett vidare nordover. Nordfjord golfklubb har ikkje noko ansvar for dette.
- Driverforbodet på utslag 1 og drivingrange blir forlenga.
- Erik Espelund blir leigt inn for smøring og vedlikehold av maskinparken.
- Vi har og fått inn ein Golfvert for sommarmånadane, Agnar Kvalsund har påtatt seg denne rolla.

*Årsmøtet tok orienteringa til etterretning, og Olav Hjelle rosa styret og dei frivillige for god innsats.*

Nordfjordeid, 17. februar, 2022

  
-Arild Hjeltneland-

  
-Finn Haugland-